

## Referat frå styremøte 12. juni 2023

Møte var på teams.

Tid: 18 – 19.30

Disse deltok: Marianne Jøsang, Åse-Berit Fidjeland, Aslaug Sandanger, Inga Lill Håkull, Margrete Tytlandsvik, Alise Tengesdal, Astrid Skretting og Roar Nedrebø (RBU)

Meldt forfall: Gro Mabel Anda og Are Hauge Braaten

### Sakliste:

#### Sak 01/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakliste og innkalling godkjent. Ynskje om ei lita orientering om sakene på innkallinga.

#### Sak 02/2023 Gjennomgang av godkjent referat frå sist styremøte.

#### Sak 03/2023 Referatsaker:

- **Marianne:** Møte i prosjektet i Hjelmeland. Loppemarked på Ropeidhalvøya.
- **Inga Lill:** Styremøte RBL
- **Gro Mabel:**
- **Åse-Berit:**
- **Aslaug:** Kom ikkje med på/inn på årsmøte i Studieforbundet.
- **Margrete:**
- **Alice:** Styremøte i BU
- **RB:**
- **RBU:** Arbeider med årsmøte og landsstevnet i veke 29.

Sommerstevne på Varhaug helga 4.-6. august.

#### Sak 04/2023 Økonomiske føringar

Sidan ingen av dei som steller med økonomi var tilstades blei det ingen orientering. Dei som har rekningar/refusjonar vert bedne om å senda desse inn så snart dei kan.

#### Sak 05/2023 Oppfølging av lokallaga

God aktivitet i laga, med medlemsmøtet, dagsturar med buss og deltaking på bygdedagar. Laga i Suldal skal ha ei stor samling om matsikkerhet i oktober. Det er ikkje mange lag som purrar på medlemmer som ikkje betalar kontingenten. I eit lag vert kontingenten betalt til lokallaget og så vidare sender dei pengane til Norges Bygdekvinnelag.

På neste styremøte må vi få oversikt over tidspunkt for årsmøta i laga slik at vi kan fordela kven som møte på dei ulike årsmøta.

### **Sak 06/2023 Bygdekvinne nyt(t)er maten**

AU skal ha møte på Bryne 13. juni. Dei skal og besøkje Bjerkreim og deira prosjekt.

På inspirasjonssamlinga i november vil AU seia litt om prosjektet for å inspirera andre lag til å søkja pengar i Gjensidigestiftelsen.

### **Sak 07/2023 Arbeidsplanen**

Marianne og Astrid lagar eit skriv i forhold til punkt 5 i arbeidsplanen; styrke og utvikle samarbeidet med andre organisasjonar.

### **Sak 08/2023 Nettstad og kommunikasjon**

Aslaug har lagt ut kontaktinformasjon om det nye styret på heimesida. Årshjulet er og lagt ut. Vi vil og leggja ut referata frå styremøtene våre slik at medlemmane kan vera orientert om kva vi driv med.

### **Sak 23/2023 Orientering om utført arbeid**

Studieforbundet, arbeidsplan, nettstad og kommunikasjon er nå faste saker på sakslista.

Tips om tema som bør vera med i foredraget om Rogalandsgarden er gitt til dei som skal ut å ha foredrag.

### **Sak 24/2023 Høyring valnemnda**

Marianne og Åse-Berit arbeidar vidare med høyringa som skal ut til lokallaga. Valnemnda si oppbygging skal opp som sak på årsmøte 2024.

### **Sak 25/2023 Bestilling av nye rullopper**

Saka utsatt til neste møte.

### **Innkome skriv og meldingar**

Støtte til landsleir i 4H i Rogaland 2024. Søknaden vert avvist då det ikkje er rutiner for å støtta slike arrangement.

Invitasjon til NM i potetskrelling på Hamar 16.9.2023

Referent Astrid Skretting